

# LENVIKMINNE

Mel: Astrid mi Astrid, som eina held tå meg

**Lenjuvich - Lenvik du storfagre bygda -  
kjent ifrå Ottars historiske tid.  
Glimrande ligg du bak Senja - og trygda  
rundt om av høgfjell med "Kista i midt"n»**

**∴:Rudda og tettbygd rundt Gisund og fjord.  
Herlege heiman frå sudlegst til nord.∴:**

**ROSSFJORD har bygdas dei vakraste gardsbruk.  
Der har deim ætt etter ætt auka på.  
Skogklædde lier og lyngsvarte heier  
no er dei finaste vollar å sjå.  
∴: Bonden har her frå den fyrste butid  
vist at deim elska sin heim og brukt flid.∴:**

**Rudding og bygging heldt fram ifrå Straumen  
opp omkring Rossfjordvatn tid etter tid.  
Storfine gardar og velbygde heimar  
vitnar om storslit og, årelang flid.  
∴: Vatnet ga matfisk av finaste slag:  
Aure og laks, ja litt sjøfisk, kvar dag.∴:**

**FAGERFJELLBYGDA ber namnet med rette.  
Der er det fagert om Storvatn og fjell.  
Skogkledd lier med grasgrøne sletter  
speglar seg fagert frå morgon til kveld.  
∴: Folket har festa sin heimstad so trygt  
både med ruddning og vakkert bebygt.∴:**

**FINNFJORD og Finnsnes min kjæraste heimstad,  
solfylt og omkranst av fjorden i sud.  
Utsyn mot leia og Reisa, med fjellan,  
blånande stig deim eg peika mot Gud.  
∴: Nordom ligg Kvittind og Kista i rad,  
Varden og Steinfjell - i midnattsol bad.∴:**

**I desse krinsane, her har eg vanka  
frå eg var ung til mine gråhåra år.  
Her har eg ofra min livskraft og tankar.  
Alt tok min eldhug, som aldri var så  
∴: Skulen og heimen ga livslyst og mål.  
Til slike "stordriftar" vi herdess om stål.∴:**

Skule og ungdom vi ferdast på fjellet  
sumar og viinter i fylgje og flokk.  
Finfine turar, og med oss var heldet.  
Huggeleg skifart - eg huskar det godt.  
;: Sommarnatt-turan ga livsglede sød.  
Alt vil eg minnast - ja heilt til min død.::

Barna og ungdommen, eldre og gamle,  
ofte vi møttes i glede og sorg.  
I lag og foreninger stadig vi samlast.  
Kirkeferd, gravferd blei også den borg,  
;: korfrå vi lerte saumfara vårt liv.  
Samkjensla ga oss og kraft og motiv.::

Takk alle saman, båd' unge og gamle  
for dokkar godhug i alle dei år  
då eg var med dokk - og de hjalp meg samle  
kraft til alt godt, som no eg forstår.  
Takk for alt god hjelp til skule og heim.  
Mange no døde. Gud signe og deim.

FINNSNES og neraste omegn har stige  
fram med storvokster i seinare år.  
Mange stordrifter, som søkjer sin lige,  
skapa stor framgong og framleis det går  
;: oppad og fram med dei mange på rad.  
Difor er Finnsnes blitt midtfylkets "stad».

Folket er driftige - heime og ute –  
Det har skapt framgang på sjø og på land.  
Motige fiskarar med moderne skuter –  
og tettbygde grender i fagraste stand.  
;:Krisen har alltid hatt framsynte menn,  
som i alt bygdestyre ofra seg hen.::

TROLLVIK og LEIKNES er vakre bustader,  
vidspurde fagfolk i fiske og fangst.  
Namnet på T r o l l v i k må bytast no snarast -  
ellers kjem mange å røma av angst.  
;: Leiknes var leikstad i fyrste bygd tid.  
No et der storgardar høgt opp i lid.::

KJERKA på Bjorelvnes lyser og blenkjer  
vidt over bygda i sud, vest og nord.  
Her bygdefolket - vi møttest på benkjer  
til dåp og til signing ved dekt alterbord,  
;: til viels, begravels og konfirmasjon.  
Heilage minner for kristen nasjon.::

**GIBOSTAD - eldste og fyrste bygdhandel,  
stordrift som "kjøbstad" frå eldste fortid.  
Midtstad for bygda sin "handel og vandel»  
læke og "kassa» og bygdepoliti.  
;:No er der bank og mangt anna som dreg.  
Troms landbruksskule sett bonden på veg.:;**

**Indre av Senja, som høyrer til Lenvik,  
der er stort framsteg i jordbruk og slikt.  
Folket står enig i alt som gjev framdrift.  
Vegar er bygd snart i alle distrikt.  
;:Landet er skogkledt og fagert å sjå  
både frå sundet og lenger i frå.:;**

**Her og må fjernast et namn som gjev rangsyn:  
S v a r t f j ell må omdøpast snarast og godt.  
Vakrere landskap du finn kje i bygda:  
Lysande fiskevatn, skogliar - flott.  
;:Truleg har svartsynet gjeve det namn.  
No spreides lys derfrå vidt omkring land.:;**

**KÅRVIK og LENVIK om Aglap til Tenskjær  
gamle bustader frå Ottar si tid,  
med Lenjuvik kjerke, den nørste på nordferd,  
eldste gravplassar - der minnerne glid -  
;:No over alt er der vakre heim bygd.  
Jordbu og fiskar sitt alle så trygt.:;**

**Måtte då Lenvik fortsette å bygjast.  
Liva må alle som trufast heng i.  
Gud signe deg bumann, at heimen din trygdast  
for ætta og barna, som etter skal bli.  
;:Gud gje dokk livskraft i skule og heim,  
det er mitt ynskje til alle og ein.:;**

**Ingv. Rødvik.**